

Planstrategi

For perioden 2016 til 2020



**Radøy
kommune**

Plan



Innhold:

Føremålet med kommunal planstrategi	s 3
Kommunen sitt noverande plansystem	s 4
Oversikt plansystem	s 6
Erfaring og utfordringar med gjeldande kommuneplan	s 7
Overordna føringar som er viktige for kommunen sitt behov for planlegging	s 8
Regionale føringar og planar (Regional planstrategi)	s 9
Utviklingstrekk og utfordringar	s 10
Vurdering av trong for planlegging	s 19
Plansystemet i rullerande planlegging	s 20
Vurdering av kommuneplan	s 21
Vurdering av kommunedelplanar	s 22
Vurdering av detalj og temaplanar	s 23
Prioritering av planoppgåver	s 26
Framdriftsplan	s 27
Oppsummering	s 28



Føremålet med kommunal planstrategi

Føremålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskt utvikling i kommunen.

Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov (PBL 1985).

Planstrategien legg vekt på at planlegginga skal være styrt av behov og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden. Et viktig mål er å styrkje den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast.

Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ei betre og meir systematisk vurdering av kommunen sitt behov for planlegging.

Gjennom vedteken kommunal planstrategi skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast.

Planstrategien er og eit egna verkty for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla behov for planar i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar, tema- og sektor(fag)planar.

Kommunal planstrategi skal utarbeidast og vedtakast innan eitt år etter at kommunestyret er konstituert.

Fylkestinga skal i løpet av den same perioden vedta ein regional planstrategi som skal avklare dei regionale planbehova. Dette opnar for betre samhandling om planoppgåver, og i tillegg ei betre oppfølging av vedtekne planar, som går på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Kommunal planstrategi er ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal arealplanlegging og tenesteyting.



Kommunen sitt noverande plansystem

Kommuneplan - Samfunnsdel/tekstdel

Samfunnsdelen er vedteken i 2011 og gjeld for perioden fram til og med 2023.

Radøy kommune har vald ut fire ulike perspektiv som går igjen innanfor alle tenesteområde. Desse perspektiva er:

- Lokalsamfunn
- Brukarar
- Ressursar
- Organisasjon

Overordna er det tenkt at ein skal byggje opp under eksisterande infrastruktur og at ein skal ta omsyn til landskapet.

Radøy kommune skal ha ei berekraftig utvikling og samfunnet skal organiserast slik at det byggjer opp under tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle. Folkehelsearbeidet og førebyggingsperspektivet er viktig i all kommunal planlegging. Kommunal samordning og tverretatleg arbeid innanfor dette arbeidet skal prioriterast.

Ei målsetjing er at bygdene skal styrkast med mindre bustadfelt, klyngjetun eller opning for spreidd utbygging.

Hovudtema i samfunnsdelen er:

Naturgrunnlag, busetnad og folketal

Miljø

Næringsutvikling

Tenester innan helse og omsorg

Oppvekst og læring

Kultur

Kyrkja

Kommunalteknisk utbygging og drift

Beredskap

Brann- og redningstenesta

Kommuneplan, kommunedelplanar, arealdelplanar, sektorplanar og andre kommunale planar



Kommuneplan - Arealdelen

I samsvar med planstrategi 2012-16 vart det starta delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel 12.09.2013. Det vart utarbeidd planprogram som har vore på offentleg høyring og ettersyn i perioden 18.12.2014 til 19.01.2015. Endeleg vedteke planprogram er registrert i planregisteret 29.01.2015. Det vidare arbeid med planforslag har ikkje fått prioritet og det er difor ikkje lagt fram for ettersyn og vidare handsaming. Det opprinnelege mål var å ha eit planforslag vedteke lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i januar 2016.

Grunna at delrevisjonsprosessen har stoppa opp er vurderingane som vart gjort i planstrategi 2012-16 framleis gjeldande.

Aktuelle tema i samband med delrevisjon er mellom anna strandsone og analyse av funksjonell strandsone. justering av byggegrense mot sjø og vassdrag, vurdering av LNF og LNF spreiddt eksisterande, bruken av sjøområda, plankrav, kulturminnevern, kommunedelplanar og småbåthamner/anlegg.

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i 2011 og gjeld til 2023 om den ikkje vert endra. Planen består av plankart, planskildring og føresegner.

Plankartet gjev kva arealbruken skal vera i kommunen. Største delen er LNF (landbruk, natur og friluft) Planskildringa seier noko om arbeidet med planen og korleis planen skal forståast. Planføresegnene er «lovtekst», føresegner som ofte er knytt til arealbruken i kartet.

Under visast gjeldande plankart inkludert kommunedelplanar for Manger og Radøy sør.



Oversikt plansystem

Planhierarkiet:

Kommunen har

- kommuneplan - samfunns/arealdel
- kommunedelplanar areal og tema
- temaplanar
- reguleringsplanar
- økonomiplan og budsjett
- forskrifter og rettleiingar

I tillegg har alle einingar i kommunen interne planar, tiltakskort, kvalitetssystem og rutinar.

Det er og utført mange rapportar i kommunen sin regi.

KOMMUNEPLAN "Visjon og satsingsområder"	KOMMUNE-DELPLAN "Eventuell utdyping av kommuneplanen"	FAG- OG TEMAPLANER "Konkretisering"	HANDLINGSDEL MED ØKONOMIPLAN "Prioriteringer og tildeling av ressurser"
Visjon Satsingsområder Hovedtrekk arealbruk	Tema Areal – for en del av kommunen	Hovedmål og delmål for sektor/tema Tiltak	Oppfølging av satsingsområder i KP Prioriteringer i sektorene Fordeling av driftsbudsjett og investeringer

Kjennetegn av Byggingen Yngre Eirik Pihler

Helse	Oppvekst	Beredskap	Teknisk	Kultur	Landbruk	Økonomi
Samfunnshelse	Oppvekst 0-18	Sivilt beredskap/katastrofe	Overordna Arealplanar	Idrett og friluftsliv	Landbruk	Økonomi
Lov om kommunale helse- og omsorgs tenester	Barnehage	Atomberedskap	Reguleringsplanar	Bibliotek	Skogbruk	Budsjett
Psykatri	Skule	Informasjonstryggleik	Trafikksikring	Kultur	SMIL	Gebyr
Barnevern		ROS	Veg, Vatn, Avlaup	Kulturminne		
Rus		Smittevern	Klima og energi			
Bustadsosialt			Avfall			
Smittevern			Adressering			
Folkehelse			Kart og geodata			
Samhandling /legeteneste			Kommunale bygg vedlikehald			

Her oversikt for ulike fagområde som treng planar på ulike nivå i planhierarkiet.

Erfaring og utfordringar med gjeldande kommuneplan

Administrasjon:

Gjeldande kommuneplan er frå 2011 og gjeld til 2023 om den ikkje vert endra.

Det vart på grunnlag av førre planstrategi starta arbeid med delrevisjon av kommuneplanen i 2013. Revisjonen skulle omhandle tema strandsone, havområda og føresegner mellom anna knytt til LNF og LNF spreidd. Desse tema er framleis uløyste då prosessen med revisjon har stoppa opp.

Det er framleis ein svakheit i planen at det vert mange dispensasjonar i høve til tiltak i LNF område. Og då særleg i høve til frådelt bustad/fritidseigedomar i LNF som det er bygg på.

Byggjesak og plan har framleis utfordringar i høve til plankrav og strandsoneforvaltning.

Føresegnene er framleis upresise i høve til kvar ein kan drive med havbruk i kommunen.

Politisk:

Følast ofte som eit administrativt verkty.

Det er kompliserte samanhengar i planverket som ikkje alltid er så lett å få politisk eigarskap til.

Det er trong for å gjera planane meir forståeleg og tydeleg.

Det er viktig å få medverknad i planprosess og på utforming av planar, innanfor rammene lovane gjev.

Det er ynskje om eit plansystem som sikrar meir like tilhøve for alle innbyggjarar.

Viktige utfordringar:

Revidera overordna planar slik at dei vert meir presise og forutsigbare.

Unngå «unødige» dispensasjonar.

Utarbeide tydelege og forstålege planar.

Sikra medverknad frå befolkning, politikarar og administrasjon i utarbeiding av planar.

Gje opplæring i planar og plansystem og rammene dei inngår i.

Etablerer lokalt planforum.

Overordna føringar som er viktige for kommunen sitt behov for planlegging

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging:

GODE OG EFFEKTIVE PLANPROSESSER

- Enklare regelverk og betre samarbeid
- Målretta planlegging
- Auka bruk av IKT i planlegginga

BÆREKRAFTIG AREAL- OG SAMFUNNSUTVIKLING

- Eit klimavenleg og sikkert samfunn
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
- Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse

ATTRAKTIVE OG KLIMAVENLEGE BY- OG TETTSTADOMRÅDE

- Samordna bustad, areal- og transportplanlegging
- Eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem
- Levande tettstader
- Helse og trivnad



Regionale føringar og planar

(Regional planstrategi)

Regionale planar er eit sentralt verkemiddel for å tilpasse, og utfordre statleg politikk. Planane blir bindande for regionale aktørar og gir klare føringar for kommunane. Målet er å skape gode rammer for vidare utvikling.

Den regionale planstrategien fokuserar på følgjande temaområde:

Høg sysselsetjing

Eit inkluderande samfunn

Klima- og miljøvenleg utvikling

Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Gjeldande regionale planar:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel, 2014

Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014–2025, 2014

Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025

Klimaplan for Hordaland 2014–2030, Regional klima- og energiplan

Regional næringsplan 2013–2017, 2013

Regional transportplan Hordaland 2013–2024, 2012

Regional plan for vassregion Hordaland 2015

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland 2001

Fylkesdelplan for små kraftverk 2009/2013

Hamneplan for Hordaland 2004-2013 1999

Regionale planar under arbeid:

Regional areal- og transportplan Bergensområdet 2016

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017

Regional transportplan 2018–2029 2017

Regional plan for godshamn i Bergensområdet (utsett)

Interkommunalt plansamarbeid:

Nordhordland og Gulen Interkommunale renovasjonsselskap (NGIR)

Oljevernutvalet

Varslingssystem

Vassverkssamarbeid

Legevaktsamarbeid

Regional helse og omsorgsplan

Fagspesialisering bibliotek

Bergen og Omland friluftsråd

Nordhordland Industriservice AS

AUFERA

Regionrådet

Nordhordland Digitalt

Nordhordland Reiselivslag?

Nordhordland Revisjon IKS

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Interkommunalt Arkiv i Hordaland (IKAH)

Bergen og omland hamnevesen.

BRB Business Region Bergen

Intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga



Utviklingstrekk og utfordringar

Samfunn - Utviklingstrekk

Frå Hordaland i tal nr 1. 2015 finn ein at tyngdepunktet i befolkningsveksten har forskyvd seg norover i fylket. Nabokommunen Meland har størst vekst av alle, medan Radøy har nedgang.

Det er stor tilflytting til kommunane omkring Bergen, men Radøy har ikkje greidd å ta del i den utviklinga, noko som visast gjennom negativ tilflytting. (netto utflytting).

Eldreølga slo for fullt inn i regionen kring 2010-2011 og den utviklinga held fram. Det er grunn til å vente at Radøy også vil få ein nedgang i tal personar som kan forsørge kvar pensjonist.

Mange regionar her vest har nedgang i bustadbygging medan, Nordhordland hadde ein auke i 2014 på 23% (ca 250 bustader). Radøy har ein auke i busette i tettbygde strom (2,5 % i perioden 2005-15)

Fylkesprognosen for Hordaland 2016 viser stort behov for einebustader fram mot 2040. Samstundes er det yskjeleg med auka fortetting med meir konsentrerte bustadformer. Framskrivinga viser at behovet er størst for bustader til einslege og par utan born. Her er det ei utvikling i retning av ei fortetting av ulike typer bustader i kommunen sine sentra.

Fylkesprognosen reknar med ei auke i tal hushald i Radøy frå 2014 til 2676 i 2040. Det tilsvarar ein vekst på 599 hushald i perioden.

Arbeidsplassdekninga er relativt låg i kommunen (61-74%), det fører til mykje pendling inn til Bergen. Kommunen har stor grad av offentlege arbeidsplassar, noko som kan bidra til einsidig næringsstruktur. Samstundes er mykje av den private næringa sterkt konkurranseutsett.

Det er aukande arbeidsløyse og då særleg for menn (80% andel menn frå 2015-16). Dette er knytt til industriarbeid, bygg og anlegg og ingeniørar. Auka ledigheit for dei med høgare utdanning.

Det er låge tal for lovbrøt i kommunen samanlikna med nabokommunane.

Klimaet har vorte varmare og våtare, det er venta havnivåstigning med oftare tilfelle av stormflo.

Det er endra drift i jordbruket og det fører igjen til at landskapet endrar seg. Mange mindre landbruksområde gror att.

Omlag ein tredel av strandsona i Hordaland er utbygd.

Kommunen har eit relativt lågt tap av verneverdige kulturminner. Utarbeidinga av kulturmineplan vil bidra til å avgrense slikt tap ytterlegare.

Det er god tilgong på friluftsområde og godt tilrettelagt for friluftaktivitet i kommunen.

Viktige utfordringar:

- Befolkningsvekst
- Eldreomsorg
- Bustadbygging og fortetting
- Næringsutvikling
- Klimaendringar
- Kultur og landskapsvern
- Gode oppvekstvilkår for born og unge

Kommunal tenesteyting og forvaltning - Utviklingstrekk

Administrasjon, servicetorg og økonomikontor :

Sentralt på Manger ligg kommunehuset der desse tenestene heldt til. Det er auka vektlegging på forenkling, modernisering og digitalisering av desse tenestene.

Teknisk teneste og forvaltning :

Veg, vatn og avlaup er viktige tenester. Nye hovudplanar er nesten ferdige og vil vera retningsgjevande for kommuneplanen sin arealdel. Forvaltning av kommunal eigedom er viktig. Det er jamn tilgang på byggjesaker og delingssaker/oppmålingssaker, mange av desse treng dispensasjonshandsaming, noko som igjen gjev tildels sterkt press på ressursar.

Plan :

Det er omlag 6-10 private reguleringsplanar under arbeid. Samstundes har kommunen fleire store revisjonar og planprosjekt i gang. Med denne høge aktiviteten er det utfordrande å halde kontinuitet i planlegginga, og då særleg kommunen sin eigen overordna planlegging.

Barnehagar :

Kommunen har eit godt utbygd barnehagetilbod

Skule :

Kommunen har fire barneskulekrinsar, Manger, Sæbø, Hordabø og Austebygd
Sentralt på Manger ligg felles ungdomskule.
Musikk og kulturskulen har undervisning i tre krinsar.

Helse og omsorg :

Det vert fleire eldre i samfunnet, noko som gjev auka behov for helsetenester. Det er auka merksemd på folkehelsearbeid for heile livsløpet. Helse og omsorg utgjer ein stor og viktig del av dei kommunale tenestene innan til dømes eldreomsorg, psykiatri og rus, heimeteneste med fleire.

Familiekontor :

Tenester innan psykisk helse, støttekontaktordning, privat avlastning, kommunepsykolog for barn og unge, barnevern og PPT.

Kyrkje :

Det er tre offentlege kyrkjer i kommunen, Manger, Sæbø og Hordabø. I tillegg kjem Emigrantkyrkja på Sletta, som er ein del av Vestnorsk utvandringssenter.

Kultur og fritid :

Det er eit rikt kulturliv i kommunen. Kulturskulen, lag og organisasjonar driv mange tilbod. Radøyhallen og områda omkring er eit sentralt tilbod på Manger. Samstundes er det fleire fine anlegg i bygdene omkring i kommunen.

Beredskap :

Det er utarbeid analysar for Risiko Og Sårbarheit for Radøysamfunnet. Resultat av desse gjev viktig informasjon til planar for krisehandtering.

Viktige utfordringar:

Auke i etterspurnad av kulturtilbod og fritidstilbod.

Talet på eldre aukar og tenestetilbod innan helse og omsorg vert meir etterspurd.

Befolkningsauke gjev meir behov for kommunale tenester.

Likeverdig tilgang til helse-, omsorgs- og velferdstenester og sikre kvalitet på desse.

Ha tilstrekkeleg med personale som har brei og høg kompetanse.

Modernisering og digitalisering av tenester og forvaltning.

Oppretthalde god kvalitet og auke kapasitet på tenester innan vatn, avlaup.

Befolkningsutvikling og samansetning - Utviklingstrekk

Ved årsskiftet 2015 var folketallet i Hordaland 511 357, ein auke på 6 111 innbyggjarar frå fjoråret. Samstundes gjekk folketallet ned i Radøy, Vaksdal, Kvam og Odda, der Vaksdal fekk den største prosentvise nedgangen på 1,1 %.


Radøy sitt innbyggjartal i 2014 var fordelt på denne måten mellom nettoflytting og fødselsoverskot :
Eit fødselsoverskot 29 , netto innanlandsk flytting -63, netto innvandring 9,
det gav ein negativ folketilvekst på -25.

Radøy har i 2015, 5014 innbyggjarar.
Fram mot 2025 reknar ein med at talet veks til 5321
Det vil seie omlag 300 innbyggjarar.

Andelen kvinner per 100 menn er jamt omkring 90 i aldersgruppa frå 20 til 40.

Gjennomsnittsalderen har auka litt frå 39,9 til 40,2 år.

Andelen eldre aukar, men forsørgingsbøra vil avta sakte fram mot 2036 i følgje fylkeskommunen sine framskrivingar.



Viktige utfordringar:

- Innvandring.
- Auke i andelen eldre.
- Betre infrastruktur.
- Styrking av nærsentra.



Levekår og folkehelse - Utviklingstrekk



Folkehelselov

§ 1 i lova lyder:

Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse. Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte.

Loven skal legge tilrette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Fokus på folkehelse i plan:

Det er auka fokus på korleis samfunnsplanlegginga kan fremje helse og trivsel i befolkninga. Dette gjeld mellom anna forebygging av psykisk og somatisk sjukdom. Samstundes skal det arbeidast for ei jamn fordeling av faktorar som påverker helsa. Som rettesnor for arbeidet med folkehelsearbeidet har kommunen nytta folkehelseprofilen 2016, som er utarbeidd av Folkehelseinstituttet.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Temu	Indikator	Kommune	Fylke	Noreg	Einng. (1)	Folkehelsebarometer for Rådey
Befolkning	1 Befolkningstetthet	-2,5	1,2	1,1	prosent	
	2 Personar som bur alone, 45 år +	21,4	24,3	25,6	prosent	
	3 Vædering 2010	63	62	60	prosent	
Levekår	4 Vgi eller høgare utdanning, 30-39 år	79	85	83	prosent	
	5 Lågrentet (huslånings), 6-17 år	8,4	9	11	prosent	
	6 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,4	2,7	2,7	-	
	7 Bort av einlege forsørgjarar	11	14	15	prosent	
	8 Arbeidsledige, 15-29 år (ny def)	3,5	2,1	2,7	prosent	
Miljø	9 Ufartrygda, 18-44 år	2,9	2,4	2,6	prosent (k.f)	
	10 God oljelivestruktur	100	92	92	prosent	
	11 Forsyningsgrad, oljelivest	67	87	89	prosent	
	12 Skade, behandling, sjukhus	14,3	13,3	12,8	per 1000 (k.f)	
	13 Etsand, Ungdale	24	18	18	prosent (k.f)	
Skule	14 Nærl med bokstivet, Ungdale	66	72	70	prosent (k.f)	
	15 Medlem i fritidsorganisasjon, Ungdale	58	64	63	prosent (k.f)	
	16 Trivst på skulen, 10. klasse	80	84	85	prosent (k.f)	
	17 Ugåste mestringarnil i lesing, 5. kl.	40	26	26	prosent (k.f)	
	18 Ugåste mestringarnil i rekning, 5. kl.	29	26	26	prosent (k.f)	
Levevår	19 Føital i videregående skule	23	22	24	prosent (k.f)	
	20 Fysisk inaktive, Ungdale	13	13	13	prosent (k.f)	
	21 Overvekt inkl. fedme, 17 år	27	22	21	prosent (k.f)	
	22 Alkohol, har vore beruse, Ungdale	15	13	14	prosent (k.f)	
	23 Røking, kvinner	8,5	7,3	10	prosent (k.f)	
Helse og sjukdom	24 Forventa levetid, menn	80,7	78,7	78,2	år	
	25 Forventa levetid, kvinner	84,8	83,6	82,8	år	
	26 Utlevingsfønsjål i forventa levetid	-	4,3	4,8	år	
	27 Fysiske sympt. tid, primærh., 15-29 år	101	141	142	per 1000 (k.f)	
	28 Fysiske lidinger, legemiddelbrukarar	117	125	130	per 1000 (k.f)	
	29 Muskel og skjelett, primærhelsetilstand	306	248	262	per 1000 (k.f)	
	30 Hjerte- og karsjukdom, beh., sjukhus	20,7	18,7	17,3	per 1000 (k.f)	
	31 Type 2-diabetes, legemiddelbrukarar	40	32	35	per 1000 (k.f)	
	32 Lungelinfekt, nye tilfelle	73	59	55	per 100 000 (k.f)	
	33 Antibiotika, legemiddelbrukarar	234	242	229	per 1000 (k.f)	
	34 Vaksineopdrøking, mestringar, 5 år	88,1	95,4	94,7	prosent	

Viktige utfordringar:

Demografi.

Omgjevnader og oppvekstmiljø.

Sentrumsnære friluftsområde og universell utforming.

Kulturtilbod for alle.

Auke bruken av eksisterande fasilitetar.

Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorer.

Samarbeid med frivillig sektor.

Grad av høgare utdanning.

Tiltak med omsyn til hjerte og karsjukdom, diabetes.

Næringsliv og sysselsetting - Utviklingstrekk

TAL ARBEIDSPASSAR SEKTOR:	2010	2011	2012	2013	2014
Statleg forvaltning	80	71	58	46	53
Fylkeskommunal forvaltning	24	24	25	28	30
Kommunal forvaltning	519	567	549	560	512
Privat sektor og offentlege føretak	964	916	945	963	941
TAL ARBEIDSPASSAR NÆRING:					
Primærnæringane	104	95	103	113	114
Oljeutvinning og bergverk	0	0	0	0	0
Industri	287	283	306	288	257
Elektrisitet og VAR	3	3	3	4	4
Bygg og anlegg	133	138	139	131	134
Varehandel, motorvognreparasjon	132	131	117	130	117
Transport og lagring	84	71	86	67	73
Overnatting og servering	4	4	5	6	3
Informasjon og kommunikasjon	20	9	10	9	8
Finansiering og forskning	5	5	7	4	4
Teknisk tenesteyting, eigedomdrift	32	27	34	64	41
Forretningsmessig tenesteyting	53	55	59	63	96
Offentleg adm, forsvar, forskning	66	65	67	78	79
Undervisning	141	155	146	148	135
Helse og Sosial	468	489	449	445	419
Personleg tenesteyting	41	36	36	38	41

Viktige utfordringar:

Lokalisering og utvikling av næringsareal i samarbeid med industri og anna verksemd.

Betre infrastruktur fremjar næringsutvikling.

Styrkje den regionale arbeidsmarknaden.


Tilretteleggje for næringsutvikling innan til dømes kultur, natur og reiseliv.

Bustadbygging - Utviklingstrekk

Som i resten av Hordaland er kommunen prega av ein høg del einebustader.

Som diagrammet visar er likevel Radøy midt på lista med ein andel einebustader mellom 80-90 %.

I og omkring kommunesenteret på Manger er det i auka grad bygd ut bygg med to til fleire bueiningar. Slik utbygging bidreg til auka fortetting i kommunesenteret.



Figur 9: Bustadmassen i Hordaland, 2014, fordelt etter bustadtype. Kjelde statistikk.vest.no/558

Viktige utfordringar:

Det er trong for omlag 600 nye hushald/bueiningar fram mot 2040
Kvar skal desse byggast?

Kva hustyper skal ein satse på framover?

Fortetting og eller spreidd utbygging?

Miljø og klima - Utviklingstrekk

Kommunen har utarbeidd Energi og klimaplan i 2009. Denne gjeld for perioden 2009-2013. Fokus på miljøpåverknad og energibruk er stadig relevant. Klimaendringane gjev meir nedbør, oftare ekstremvind og stormflo. Krava til energieffektiv bygging er skjerpa dei siste åra, slik at det nok er klima og miljø som er mest aktuelt no.

Den langsiktige visjonen i planen er at kommunen skal vera karbonnøytral i 2050.

Hovudmål fram mot 2020 er å redusera klimagassutslepp med 30% i høve til utsleppet i 1991. Og innan planperioden skal reduksjonen vera 15%. Her er hovudstrategiane:

- Redusere veksten i energiforbruket og ta i bruk lokale naturressursar og areal.
- Omlagging av eksisterande energikjelder til meir fornybare og alternative energisystem.
- Auka effektiviteten i eksisterande energiforsyning og energibruk.
- Vidareføre avfallsgjenvinninga med sortering av matavfall, plast, papir og restavfall.
- Stimulere til bruk av klimavennlege motorar og auka bruk av klimavennleg drivstoff regionalt.
- Interkommunal samarbeid knytt til kollektive løysingar og rutestruktur.
- Nytte regionrådet i Nordhordland og Nordhordaland Industrilag i utviklinga av samarbeidet mellom kommune og næringsliv.
- Vidareføra hovudstrategien i kommuneplanen med fortetting, tettstadsutvikling, grendeutvikling og utbygging langs etablert infrastruktur.

Kommunedelplan for klima og energi

Radøy kommune
2010-2013



Viktige utfordringar:

- Evaluering av klima og energitiltak
- Rullering av plan
- Klimaendringane går raskare
- Kollektivtilbodet

Transport og infrastruktur - Utviklingstrekk

Tid		2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Geografi	Biler etter drivstofftype											
Hordaland	Lagt	180,119	186,743	193,444	202,452	206,721	211,913	206,302	211,515	217,095	220,935	226,899
	Bensin	157,597	157,822	156,639	152,150	146,278	142,023	134,950	129,454	125,669	121,372	117,321
	Diesel	22,277	28,677	36,536	50,024	60,166	69,615	71,098	81,616	90,373	96,502	102,934
	Parafin	0	0	5	6	6	6	5	5	5	4	4
	Gass	3	3	2	2	1	0	0	0	0	1	3
	El.	242	239	254	253	252	251	229	418	971	2,577	6,230
	Annet drivstoff	0	2	8	17	18	18	20	22	77	479	407

Hordaland viser kraftig vekst i talet på Elbilar.

Talet på bussreiser per innbygger i Hordaland har i perioden frå 2005 -2014 variert frå 79 til 86 per år.

Vegutbygging i regionen dreg ut i tid samstundes som største delen av varetransport går på veg.

Kommunen er langt framme i utvikling av god og framtidretta digital infrastruktur. Når utbygging snart er ferdig vil ein ha bortimot 100% dekning av breiband i kommunen/regionen.



Viktige utfordringar:

Planlegging av nye vegtrasear som til dømes Sambandet Vest.

NH pakken.

Regional kommunikasjon og ny kommunestruktur.

Utnytting av eksisterande infrastruktur.

Auka fokus på gang og sykkelveggar og kort avstand til tenester.

Planlegging og oppbygging av kommunale E-tenester på ny digital infrastruktur.

Langsiktig arealbruk - Utviklingstrekk

Det er auka fokus på landskap og vern av dette.

Kystlandskapet har høg eigenverdi og til dømes områda langs med den indre farleia har høg vernestatus.

Det er sett av areal for framtidig næringsversemd.

Det er regulert areal til nye vegtrasear (NH-pakken)

Det er sterkt vern av landbruksjord, naturområde og friområde gjennom areal avsett til LNF.

Arealbruken er og omtala i eksisterande samfunnsdel på denne måten:

Landbruket har lagt premissane for store deler av arealforvaltninga i Radøy kommune. Deler av kommunen må oppfattast som område der det er press på landbruksareala.

Det er aukande etterspurnad etter regulerte bustadområde, i tillegg til spreidd busetjing i LNF-områda.

Ein har vidare eit sterkt og aukande press på dei nære strandareala i hovudsak knytt til bygging av fritidsbustader og naust.



Viktige utfordringar:

Sikre areal for vidare utvikling av eksisterande bygdesentra.

Planlegge for fortetting i område som er eigna til det.

Sikra viktige naturområder i nærleiken av sentra og gjera dei tilgjengelege.

Styre utbygging til område som kan nytte eksisterande og ny infrastruktur, samt viktige servicefunksjonar.

Vurdering av trong for planlegging

KOMMUNEPLAN	KOMMUNE-DELPLAN	FAG- OG TEMAPLANER	HANDLINGSDEL MED ØKONOMIPLAN
“Visjon og satsingsområder”	“Eventuell utdyping av kommuneplanen”	“Konkretisering”	“Prioriteringer og tildeling av ressurser”
Visjon Satsingsområder Hovedtrekk arealbruk	Tema Areal – for en del av kommunen	Hovedmål og delmål for sektor/tema Tiltak	Oppfølging av satsingsområder i KP Prioriteringer i sektorene Fordeling av driftsbudsjett og investeringer

(Kopi av fig. Anslan Vok-Tivå Platte)

Vurderinga av kva og kor omfattande planlegginga skal vera må sjåast i samanheng med framstillinga i figuren ovanfor.

Er det god nok samanheng mellom dei ulike nivåa i planhierarkiet?

Er den overordna kommuneplanen framleis aktuell nok til å kunne styre dei underliggende planane?

Er det turvande utdyping av dei overordna planane? Er det trong for revisjon/nye kommunedelplanar ?

Er det «hol» i plansystemet på fagnivå? Er det viktige sektorplanar som manglar eller som treng revisjon ?

Er handlingsdelen med økonomiplan godt nok kopla til dei «styrande» planane ?



Plansystemet i rullerande planlegging

Der skal det vera klar arbeidsdeling mellom kommuneplan, fag- og temaplanar og økonomiplan/handlingsdel.

Det skal leggjast vekt på effektive planprosessar.

Det skal leggjast vekt på korte plandokument som er tydeleg på prioriteringane.


Det skal leggjast vekt på medverknad som er tilpassa plannivå og dei vedtak kommunestyret skal gjere.

KOMMUNEPLAN: Overordna styring.

KOMMUNEDELPLANAR: Meir detaljering av overordna styring.

TEMA/DETALJPLANAR: Sektor styring.

HANDLING/ØKONOMI: Økonomisk styring/ tiltakstyring.



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Vurdering av kommuneplan

Samfunnsdelen

I og med vedtak om kommunesamanslåing (Radøy, Meland, Lindås) kan det vera trong for justering av mål og strategiar (Tiltak/Handling). Referansar til overordna planar og forventningar bør justerast i dokumentet. Det er likevel ikkje trong for større revisjon eller full rullering.

Plankartet

Det er vedteke og starta opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Gjennom å utføre analyse av funksjonell strandsone skal byggjegrænse mot sjø og vassdrag fastsettast. Det vurderast at dette framleis er naudsynt. Samstundes er det trong for å gjera ny avgrensing av LNF der spreiddt utbygging skal vera tillete. Kommundelplanane «Radøy sør» og «Manger» treng syast i saman med eksisterande kommuneplan slik at kommuneplankartet dekkjer heile kommunen. Det er trong for ein gjennomgang av kvar det skal vera plankrav. Det er noko uklar plansituasjon for bruken av strand og havområda. Det er difor trong for å gjennomgå arealbruken for strand og sjø på nytt i revisjon.

Planskildringa

Skildringa er ei viktig utdjuping og hjelp til å forstå arealbruken i plankartet. Det er viktig at denne vert revidert i samband med dei endringar som vert gjort i kartet. Mellom anna vil det vera trong for å endra omtale av funksjonell strandsone og byggegrenser. I den grad det vert endringar i høve til LNF og LNF spreidd, må dette og omtalast i planskildringa.

Skildringa bør oppdaterast slik at den stemmer med gjeldande nasjonale forventningar til kommunal planlegging og oppdaterte regionale planar

Føresegnene

Føresegnene bør «vaskast» i høve til heimelsreferansar i PBL. Her kan det vera endringar. Liste over gjeldande reguleringsplanar må reviderast. Det bør vurderast om alle reguleringsplanar har god nok standard etter dagens krav. Dei to kommundelplanane «Radøy sør» og «Manger» skal leggjast inn i kommuneplanen og i samband med det må føresegnene avklarast. Det er grunn til å tru at det er gjeldande kommuneplan sine føresegner som vert lagt til grunn her.



Vurdering av kommunedelplanar

Plan	Heimel	Vedtak	Utførande	Vurdering
KDPL for Radøy sør	PBL§ 11-1.	2009	Teknisk FV	Skal inn i ny kommuneplan jfr. rullering
KDPL for Manger	PBL§ 11-1.	2007	Teknisk FV	Skal inn i ny kommuneplan jfr. rullering
KDPL for trafikksikring	PBL§ 11-1.	2015	Teknisk DR	
KDPL hovudplan for vassforsyning	PBL§ 11-1.	2016	Teknisk DR	
KDPL hovudplan for avlaup	PBL§ 11-1.	2016	Teknisk DR	
KDPL Klima og energi	PBL§ 11-1.	2010	Kommunal sjef for DR og FV	Treng revisjon
KDPL for idrett, friluftsliv og nærmiljø	Grunnlag PBL §11-1	2016	Kultur	Årleg rullering av handlingsdel Elles ikkje behov for revisjon
KDPL for Radøy bibliotek	FBL PBL §11-1	2015	Bibliotek-sjef	Rullerast 2018
KDPL for Helse og Omsorg	HOL FOL PBL		Kommunal sjef Helse	NY
KDPL for BØ	PBL		Teknisk FV	Under arbeid
KDPL geodataplan for Nordhordland og Gulen	PBL § 11-1.		Teknisk FV	



Vurdering av detalj og temaplanar

Plan	Heimel	Vedtak	Utførande	Vurdering
BEREDSKAP				
Sivilt beredskap - beredskapsplan	SBL § 15		Beredskapsleiar	Ikkje starta
Katastrofeplan			Beredskapsleiar	
Informasjonstryggleiksplan			IKTNH	
Tiltaksplan ROS	SBL § 15	2012	Beredskapsleiar	Revisjon 2016
Smittevernplan	SVL§§ 7-1 og 7-2.		Kommunelege	Tiltak og tjenester for å forebygge smittsomme sykdommer eller motvirke at de blir overført skal utgjøre et eget område i planen for kommunens helse- og omsorgstjeneste.
ROS analyse kommuneplan - Risiko og sårbarheit	SBL § 14 PBL §11-4	2011	Beredskapsleiar	Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kom.delplanar og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.
ROS analyse i arealplan Samfunnsikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse	Pbl § 4-3		Teknisk FV	Krav ved ny arealplan
Plan for Atomberedskap og strålevern	HBL	2012	Beredskapsleiar	Revisjon 2017
Beredskapsplan mot forureining	Forureiningslov		IUA	
Beredskapsplan vassforsyning			DIHVA	
OPPVEKST				
Plan for oppfølging etter opplæringslova	OPL §13-10	2011	Komm.sjef oppvekst	Treng revisjon
Kommunal barnehageplan		2012	Komm.sjef oppvekst	
Lokal rammeplan for barnehage		2009	Komm.sjef oppvekst	Må reviderast i 2017
Årsplan for den pedagogiske verksemda	BHL § 2		Komm.sjef oppvekst	Årleg
Tilstandsrapport for grunnskulen	OLL §13-10		Komm.sjef oppvekst	Årleg rapport om tilstand (handlar om førre skuleår)
Utviklingsplan for grunnskulen		2014	Komm.sjef oppvekst	Treng revisjon i 2018
Kvalitetsplan SFO			Komm.sjef oppveks	NY

Plan	Heimel	Vedtak	Utførande	Vurdering
La linèa, ein tverretatleg oppvekstplan		2011	Rådmann	
Kompetanseutviklingsplan				Del av plan for heile kommunen.
HELSE				
Bustadsosial handlingsplan	HBL	2011	Komm.sjef helse	Treng revisjon
Psykatri og rus, barn og unge		2008	Komm.sjef helse	
Ruspolitisk handlingsplan	ALL § 1-7 (d)	2011	Komm.sjef helse	Oppstart rullering 2013. Treng nytt vedtak.
Folkehelseplan	FHL		Faggruppe for folkehelse	Kartlegging utført. Treng oppfølging.
Regional helse og omsorgsplan (interkommunal)	HOL		Komm.sjef helse	
Kompetanseutviklings-plan			Rådmann	NY Utvidast til alle sektorar.
Demensplan				NY
Habilitering og rehabiliteringsplan				NY
Plan for Omsorgsteknologi				NY
Plan for oppgåveoverføring innanfor samhandlingsreforma				NY
Plan for forebyggjande arbeid og tidleg intervensjon i høve til barn og unge				NY
KULTUR				
Fellesplan for Nordhordlands biblioteka		2006-2010	Biblioteksjef	Under rullering
Kulturplan		2011	Kultur og sørvistorget	Bør rullerast i 2017
Plan for kulturminne			Kultur og sørvistorget	Under arbeid
Målbruksplan		2012	Kultur og sørvistorget	

Plan	Heimel	Vedtak	Utførande	Vurdering
Lokal plan for den kulturelle skulesekken	St.mld nr8	2016	Kultur og Oppvekst	
LANDBRUK				
Landbruk og primærnæringane			Landbruks-sjef	
Spesielle miljøtiltak SMIL – tiltaksstrategi landbruket		2008	Landbruks-sjef	
ØKONOMI/ADM				
Økonomiplan	KOL § 44	2016	Økonomisjef	Årleg revisjon
Årsbusdsjett	KOL § 45	2016	Økonomisjef	Årleg revisjon
Gebyrregulativ	PBL § 33-1	2012		Treng revisjon
Plan for kommunale E-Tenester			Rådmann	NY
TEKNISK				
Kommunedelplan- geodataplan for Nordhordland og Gulen	PBL § 11-1.		Teknisk FV	
Vedlikehaldsplan kommunale bygg			Teknisk DR	
Reguleringsplanar			Teknisk FV	To pågåande områdereguleringsplanar
Områderegulering Manger sentrum			Teknisk FV	NY
BraPLAN - planregister	PBL		Teknisk FV	Kontinuerlig revisjon
Avfallsplan			NGIR	



Prioritering av planoppgåver

Kommuneplan

- Revisjon av kommuneplanen sitt arealplankart
- Revisjon av kommuneplanen sine føresegner
- Revisjon av kommuneplanen sin skildring
- Enkel revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunedelplanar

- Fullføre kommunedelplan for Bø
- Planane for Radøy sør og Manger skal inn i revidert kommuneplan.
- Utarbeide kommunedelplan for Helse og Omsorg
- Revisjon av plan for trafikksikring
- Revisjon av plan for Klima og Energi
- Rullering av plan for Radøy bibliotek og fellesplan for Nordhordlandsbiblioteka

Reguleringsplanar

- Områdereguleringsplan for Haukeland Søndre
- Områdereguleringsplan for Austmarka sør
- Områdereguleringsplan for Manger sentrum

Temaplanar

- Fullføre Plan for kulturminne
- Revidera plan for Atomberedskap
- Revidera tiltaksplan ROS
- Revidera plan for oppfølging etter opplæringslova
- Revidera lokal rammeplan for barnehage
- Revidera utviklingsplan for grunnskulen
- Kvalitetsplan for SFO
- Fullføre Bustadsosial handlingsplan
- Revidera kulturplan
- Temaplanar H/S
- Gebyrregulativ
- Plan for kommunale E-tenester (digitalisering av offentlege tenestester)
- Kompetanseutviklingsplan (inn mot ny kommune)

Framdriftsplan

Plannamn	2016	2017	2018	2019	2020
Revisjon av kommuneplanen sitt arealplankart		X			
Revisjon av kommuneplanen sine føresegner		X			
Revisjon av kommuneplanen sin skildring		X	X		
Enkel revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel		X	X		
Fullføre kommunedelplan for Bø	X	X			
Planane for Radøy sør og Manger skal inn i revidert kommuneplan.		X			
Kommunedelplan for Helse og Omsorg		X	X		
Revisjon av plan for trafikksikring		X	X		
Revisjon av plan for Klima og Energi		X	X		
Rullering av plan for Radøy bibliotek og fellesplan for Nordhordlandsbiblioteka		X			
Områdereguleringsplan for Haukeland Søndre	X	X			
Områdereguleringsplan for Austmarka sør		X			
Fullføre Plan for kulturminne	X	X			
Revidera plan for Atomberedskap		X			
Revidera tiltaksplan ROS	X	X			
Revidera plan for oppfølging etter opplæringslova		X			
Revidera lokal rammeplan for barnehage		X			
Revidera utviklingsplan for grunnskulen		X			
Kvalitetsplan for SFO	X	X			
Fullføre Bustadsosial handlingsplan		X			
Revidera kulturplan		X	X		
Temaplanar H/S		X	X	X	X
Gebyrregulativ		X	X	X	X
Områderegulering Manger sentrum			X	X	
Plan for kommunale E-tenester		X	X		
Kompetanseutviklingsplan		X	X	X	

Oppsummering

Planstrategien for 2016-2020 må sjåast i lys av vedtak om kommunesamanslåing. Sjølv om kommunane skal driva kvar for seg fram til 2020, må planlegging av ny kommune også prioriterast i perioden. Det vil difor ikkje vera trong for å settje i gong nye langtidsplanar no. Hovudmålet må vera å fullføra dei planprosessane som er påbyrja og rullera einssilde planar, samt settje i gong viktige temaplanar som manglar. På den måten vil kommunen vera godt førebudd til samanslåing.

Ny og større kommune vil ha behov for å utarbeida nye planar. Neste utarbeiding av planstrategi om 3-4 år vil vera viktig for å avklara desse behova, og sikra rett prioritering. Prosessen med ny planstrategi bør starta når endeleg handsaming av samanslåinga er gjort i Stortinget.



Planstrategi for Radøy kommune 2016 - 2020
27.10.2016

